

Forum Nye Bergensbanen (FNB) er ein interesseorganisasjon med formål å arbeide for modernisering av Bergensbanen og bygging av Ringeriksbanen som vedteke av Stortinget i 1992.

Medlemmene i forumet er kommunane og dei 3 fylkeskommunane langs banen. NHO og LO i desse 3 fylka har møte og talerett i forumet.



## Møtebok frå AU-møte 17. desember 2014

Protokoll: Møte i arbeidsutvalet  
Møtedato: 17.12.2014  
Tid: 14:00-15:00  
Møteleiar: Mona Hellesnes  
Møtestad: Telefonmøte  
Referent: Adelheid Nes

Deltakarar: Mona H. Hellesnes, Kjell Hansen, Lars Olsen, Knut Arne Gurigard, Hans Erik Ringkjøb  
Forfall: Trond Johansen

### Sakliste:

AU 37/14 Godkjenning av innkalling og sakliste  
AU 38/14 Godkjenning av møtebok frå AU-møte 08. oktober 2014  
AU 39/14 Frukostseminar i Stortinget 07.01.15  
AU 40/14 Innkjøp av studie: Vurdering av kost/nytte-berekningar for Ringeriksbanen  
AU 41/14 Eventuelt

### **AU 37/14 Godkjenning av innkalling og sakliste**

Møtet vart varsla gjennom Outlook 11. desember. Innkalling, sakliste og møtepapir vart sendt ut 17. desember.

*Vedtak: Innkalling og sakliste vart godkjende.*

## **AU 38/14 Godkjenning av møtebok frå AU-møtet 08. oktober**

*Vedtak: Møteboka for AU-møtet 8. oktober vart godkjent.*

## **AU 39/14 Frukostseminar i Stortinget 07.01.15**

Adelheid la fram planane for frukostmøte i Stortinget 7. januar 2015.

Bakgrunn for frukostmøtet:

Utgreiing om Ringeriksbanen av 31. oktober 2014 og silingsrapporten som skal leverast 31. januar skal begge handsamast politisk av regjeringa i perioden etter 31. januar. Det er venta ei avgjerd om vidare framdrift for Ringeriksbanen tidlegast i månadsskiftet februar/mars 2015. Det er i utgreiinga vist kva føresetnader som må vere på plass for å oppnå byggestart tidleg i 2019.

Det er svært viktig at sentrale politikarar og støttespelarar er kjent med at viktige politiske mål, både når det gjeld byggestart for Ringeriksbanen og når det gjeld raskare planarbeid og alternativ utbyggingstrategi er innan rekkevidde her, og kva for føresetnader som må vere på plass for å oppnå dette.

Plan for frukostmøtet:

Vi arrangerer eit frukostseminar i Stortinget med tittelen «Ringeriksbanen, fra politisk ønske til realisering – hva må til?» Trond Helleland og Martin Kolberg er vertskap saman med FNB. Vi har eit litt knapt tidsvindu på 1,5 timar til rådighet og vel difor å prioritere to tema: Finansiering (Idar Kreutzer frå Finans Norge) og organisering/planprosess (Lars Chr. Stendal frå JBV). Byrådsleiar Martin Smith-Sivertsen frå Bergen og Høgre og ordførar Kjell Hansen frå Ringerike og Ap har begge sagt ja til å delta med innlegg. Vertskapet vårt vil også ha kvar sitt korte innlegg i starten av møtet, og Mona er møteleiar og vil oppsummere til slutt.

Følgjande invitasjon er sendt ut til Buskeruds- og Hordalandsbenken, Transport- og kommunikasjonskomiteen samt Finanskomiteen, i tillegg til ei rekkje eksterne partar (politikarar, org, næringsliv og presse):



Storingsrepresentantene Trond Helleland (H) og Martin Kolberg (Ap) inviterer i samarbeid med Forum Nye Bergensbanen:

### **Ringeriksbanen, fra politisk ønske til realisering – hva må til?**

Frokostseminar i Stortinget 07.01.15, 08:15-10:00

Første innleder vil være **Idar Kreutzer**, administrerende direktør i Finans Norge. Han er tidligere konsernsjef i Storebrand og administrerende direktør i Storebrand Livsforsikring. Han vil snakke om **mulige finansieringsmodeller for framtidens infrastruktur**.

Idar Kreutzer har uttalt at «Norge skriker etter penger til å realisere store, kostbare og samfunnsnyttige investeringer. Samtidig sitter norske livsforsikringselskaper og pensjonskasser på enorme summer de gjerne skulle investert i langsiktige og trygge prosjekter. Nærmere et Columbi egg er det vanskelig å komme.»

I tillegg kommer **Lars Christian Stendal**, regional plan- og utviklingsdirektør i Jernbaneverket. Han vil snakke om hvordan **Ringeriksbanen kan bli et pilotprosjekt for halvering av plantiden for store infrastrukturprosjekter i Norge**.

Mer detaljert program kommer.

Påmelding på e-mail til [adelheid.nes@hfk.no](mailto:adelheid.nes@hfk.no) innen fredag 2. jan.

I møtet vart det uttrykt stor støtte til arrangementet, og AU-medlemmane var samde i at hovudbodskapen i frukostmøtet må vere å få stadfesta den politiske viljen til gjennomføring, og at vi set fokus på gjennomføringsstrategiar – dvs. planprosess, utbyggingsstrategi og finansiering. Det betyr at vi denne gongen ikkje set fokus på argument for å bygge Ringeriksbanen.

*Vedtak: Frukostmøtet vert gjennomført som planlagt.*

## **AU 40/14 Innkjøp av studie: Vurdering av kost/nytte-bereknningar for Ringeriksbanen**

FNB vurderer å gå til innkjøp av ein studie som skal gje eit breiare grunnlag for å kunne seie noko om samfunnsnyten av å bygge Ringeriksbanen.

Bakgrunn:

I utgreiinga om Ringeriksbanen av 31. oktober er etatane klare på at den tradisjonelle metoden for berekning av kost/nytte ikkje dekkjer det vekstpotensiale og heller ikkje alle dei nyttefaktorane som er relevante for Ringeriksbanen. Dei skriv m.a.: «*Ringeriksbanen bygges blant annet for å åpne en ny ut-*

*viklingskorridor i Osloregionen. Banen gir potensial for en vekst langt utover Statistisk sentralbyrås middelpregoser. En slik ekstraordinær vekst er vanskelig å fange opp i transportmodellen og de samfunnsøkonomiske beregningene.»*

*Vidare skriv dei: «Det er et sterkt politisk ønske om og potensial for vekst i Ringeriksregionen. Ringeriksbanen og E16 er nødvendige forutsetninger for denne regionale utviklingen. Banen og veggen vil bidra til et utvidet bo og arbeidsmarked og øke tilgjengeligheten til arbeids-, vare- og tjenestemarkeder utenfor regionen. Sparte tidkostnader er beregnet, men indirekte virkninger som synergier mellom arbeidsplasser og tilhørende produktivitetsøkninger er ikke beregnet. Det vil derfor sannsynligvis være nyttefaktorer ved et bedre transportsystem til Ringerike som ikke er fanget opp i den analysen som er gjort nå.»*

På denne bakgrunn er det naturleg at forumet går inn og bidreg med ei ytterlegare fagleg vurdering knytta til den utførte kost/nytte-berekninga. Vi kan gjere dette ved å be eit anerkjent fagmiljø innanfor samfunnsøkonomi og kost/nytte-berekningar om å vurdere den metoden som er nytta i utgreiinga, og/eller evt. gjere nye alternative berekningar.

Det er tidlegare gjort ei vurdering av meirnyttan av Ringeriksbanen, og i Høgfartsutgreiinga er konklusjonen at «I et alternativ der en ikke velger å bygge nye høyhastighetsbaner, men bruker mer midler på eksisterende jernbanenett enn dagens nivå, vil Bergensbanen være den strekningen der man vil få den største nytten ved minst bruk av investeringsmidler.» Vi har med andre ord allereie rapportar som dokumenterer at Ringeriksbanen gir stor samfunnsnytte. Vårt forslag er difor at vi går ut med ein forespørsel om å utføre ein studie der målet er å få ei vurdering av den metoden som er brukt og dei resultatene ein har fått i utgreiinga. Vi kan evt. legge inn ein opsjon på å utføre nye alternative berekningar av kost/nytte.

*Vedtak: Adelheid og Mona får mandat til å gå til innkjøp av ein studie som skal gje ein breiare framstilling av samfunnsnyttan av Ringeriksbanen og på den måten gje eit betre beslutningsgrunnlag. Arbeidet bør koordinerast med prosjektgruppa i Jernbaneløynet som også er i ferd med å få gjort tilleggsutgreiingar innanfor same tema.*

## **AU 41/14 Eventuelt**

Orientering frå Mona:

I samband med eit møte med Civita i Bergen 16. desember uttalte statssekretær i Finansdepartementet Paal Bjørnstad følgjande: «Vi vil prioritere bygging av dei lønnsame prosjekta». På spørsmål frå Mona om departementet sitt syn på manglane i metodane for berekning av samfunnsnytte svarte han at dei forhold seg til modellen slik den føreligg no.